

## Melding om oppstart av planarbeid med konsekvensutgreiing og høyring av planprogram for endring av Detaljreguleringsplan for Skipavika Næringspark (planID 4635-2012005).

På vegne av Skipavika Næringspark AS og med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 samt §12-9 vert det med dette varsla om oppstart av planarbeid for endring av reguleringsplan for Skipavika næringspark, plan-ID 4635-2012005. Forslag til planendring har plan-ID 4635-2023002 og vil ved vedtak erstatte gjeldande detaljreguleringsplan.

### Føremål med planarbeidet

Hovudføremålet med endringa er å legge til rette for etablering av eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk, som medfører krav om konsekvensutgreiing etter §6 bokstav b (vedlegg I, 6b) og planprogram etter plan- og bygningslova §4-1. Planprogrammet er lagt ut på offentleg ettersyn parallelt med varsel.

Ammoniakkanlegget vil få positiv ringverknad for klima og næringsutvikling i kommunen, og i regionen. Ferdig anlegg vil skape 50 nye kompetansesarbeidsplassar og omtrent 100 arbeidsplassar i regionen totalt sett. Anlegget vil produsere 300 tonn ammoniakk per døgn på basis av vatn, luft og fornybar kraft og samla gje ein CO<sub>2</sub>-reduksjon tilsvarande 30 % av Bergen sitt årlege utslepp, dvs. ca. 240 000 tonn per år.

Ammoniakkanlegget består primært av prosessanlegg, rørgater, tårn og piper, lagringstankar, kompressorstasjon(ar) og hamneanlegg. Sjølve produksjonsanlegget er tredelt og består av eit hydrogenanlegg, eit anlegg for produksjon av nitrogen og eit anlegg for produksjon av ammoniakk. Grøn ammoniakk er produsert med utgangspunkt i fornybare energikjelder der hydrogen vert framstilt ved vasselektrolyse og nitrogen frå spalting av luft. Sluttproduktet grøn ammoniakk er planlagt skipa ut frå kai ved produksjonsanlegget. Nedkjølt ammoniakk vert lagra i tankar med temperatur lik -33 °C, før utskipping. Når det gjeld kraft- og straumsituasjonen planlegg BKK Nett ny kabel over Fensfjorden med installasjon av to trafoar/nettstasjonar på 2x230 MV, på industriområdet. Arbeidet med å styrke dagens regionalnett og sikre tilstrekkeleg kapasitet i området vil dels skje parallelt med planarbeidet.

Eit ammoniakkanlegg medfører avgrensing av omsynssoner i plankartet. Omsynssonene vil ha same avgrensing som indre, midtre og ytre faresone rundt ammoniakkanlegget, som illustrert i figur 1 og 2 på neste side. Faresonene sitt omfang vert avklara i eigen og dels parallell søknadsprosess opp mot Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB). DSB skal vurdere og gje samtykke til søknad om etablering av alle anlegg og tiltak som er underlagt storulykkesforskrifta. Det må også søkast om løyve frå andre relevante myndigheiter, i tillegg til avklaring etter plan- og bygningslova. Input frå fag- og sikkerheitsutgreiingar i forbindelse med samtykkeprosessen opp mot DSB vert tatt inn i planarbeidet. Det er Norconsult AS som er ansvarleg for prosessen opp mot DSB og andre relevante myndigheiter, og det vil i den forbindelse bli gjennomført folke- og informasjonsmøte.

Planendringa har og som føremål å omdisponere arealføremål internt i industriområde. dels frå «vegetasjonsskjerm» til «næring/industriformål» samt også omvendt. Andre justeringar kan også vere aktuelle, og vil bli vurdert i det vidare planarbeidet. Intensjonen om ein vegetasjonsskjerm langs vestsida av industriområdet / framtidig tiltaksområde vert vidareført. Det same gjeld intensjonen om å etablere ei maritim klynge i Skipavika, og med det også det landbaserte oppdrettsanlegget som er avklart i gjeldande reguleringsplan.


### Planavgrensning

Forslag til planområdet er 1843874 m<sup>2</sup> og har tilkomst frå Sandevegen, fylkesveg 5582. Planområdet omfattar gnr. 79, bnr. 47, 53, 54 samt delar av bnr. 1, 33, 36, 52 og ein mindre del av bnr. 11. Planendinga legg ikkje opp til nye tiltak eller ny arealbruk på eigedomane vest for gjeldande plan sitt planområde ([plan-ID 2012005](#)). Gjeldande plan sitt planområdet er vist med grønt i vedlagt kartutsnitt.

I nordleg del av næringsområdet er planområdet foreslått utvida mot Brandangersundet og vest for etablert veg, etter innspel frå Gulen kommune.

I sør er planområdet foreslått utvida for å ta høgd for ei ytre omsynssone med avstand på 550 meter frå kritisk punkt ved anlegget. Dette er eit konservativt anslag og det er venta at radiusen til omsynssona vert redusert i løpet av planarbeidet, når kunnskapsgrunnlaget er betre. I så fall vil planområdet også bli redusert, særleg i aust – vest utstrekning. Ytre omsynssone vil midlertidig ikkje få konsekvensar for dagens arealbruk.

Prinsippet for fare-/omsynssoner rundt tilsvarande anlegg er forklart og vist i figur 1 og 2 nedanfor. Enkelt sagt så er ytre omsynssone ueigna for arealbruk som kjøpesenter, institusjonar, undervisning, barnehage og hotell/overnatting inkludert overnattingsbrakker for arbeidrarar på industriområdet. Annan arealbruk er innafor.



#### Indre hensynssone (H350\_1)

I denne hensynssonen tillates kun etablering av installasjoner som tilhører anlegget/virksomheten.

#### Midtre hensynssone (H350\_2)

I denne sonen kan det ikke etableres boliger. Det skal ikke etableres skoler, barnehager, sykehjem, sykehus ol institusjoner, kjøpesentre og hoteller eller tilsvarende installasjoner med større ansamlinger av publikum i denne sonen.

#### Ytre hensynssone (H350\_3)

Det skal ikke etableres skoler, barnehager, sykehjem, sykehus ol institusjoner, kjøpesentre og hoteller eller tilsvarende installasjoner med større ansamlinger av publikum i denne sonen.

Figur 1 Eksempel på omsynssone rundt ei storulykkeverksemd



Figur 2 Illustrasjon som viser kva som er tillate i dei ulike omsynssonene. Kjelde: Norconsult AS.

## **Innspel og merknadar**

Planprogrammet er tilgjengeleg på [www.tippetue.no](http://www.tippetue.no) og [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no). Her finns også oppstartsmelding samt planinitiativ og referat frå oppstartsmøte.

Eventuelle merknadar / kommentarar til planprogrammet eller oppstartsmeldinga kan sendast via Altinn eller rettast til [plan@tippetue.no](mailto:plan@tippetue.no) eller:

Tippetue Arkitekter AS,  
Vetrlidsallmenningen 29  
5035 Bergen

**Merknadsfrist: 27.08.2023.**